



Vestland
fylkeskommune

Fortrinnsrett til eit særlig utdanningsprogram eller særlig tilrettelagd skule

Opplæringsforskrifta § 4-21 (tidlegare §§ 6-15 og 6-16)

§ 4-21. Fortrinnssrett til eit særleg utdanningsprogram ved inntak til vidaregåande trinn 1

Søkjarar som har omfattande behov for individuell tilrettelegging etter opplæringslova kapittel 11 i grunnskolen, har fortrinnssrett ved inntaket til vidaregåande trinn 1 når vilkåra her er oppfylte. Dei har fortrinnssrett dersom dei kan godtgjere at vanskane som ligg til grunn for behovet for individuell tilrettelegging gjer at valet av utdanningsprogram har svært mykje å seie for moglegheita deira til å fullføre vidaregåande opplæring. Søkjarar som sannsynlegvis kan fullføre tre utdanningsprogram, har ikkje fortrinnssrett etter denne paragrafen.

Det skal ligge føre ei sakkunnig vurdering frå den pedagogisk-psykologiske tenesta i fylkeskommunen som skal gjere greie for dei vanskane som ligg til grunn for vedtaket om individuell tilrettelegging frå grunnskolen, og dei tiltaka som blei sett inn der. Den pedagogisk-psykologiske tenesta skal også ta stilling til om søkeren har eit særleg behov for å bli tatt inn til eit særskilt utdanningsprogram, som ikke kan sikrast ved at søkeren blir tatt inn til eitt av tre utdanningsprogram. Dei skal vurdere

- om det er sannsynleg at søkeren har større moglegheit til å fullføre vidaregåande opplæring dersom søkeren blir tatt inn til eit særskilt utdanningsprogram
- om og eventuelt i kva grad søkeren har føresetnader og mogleheit for å fullføre andre utdanningsprogram enn det søkeren har ført opp som førstevalet sitt
- kva behov søkeren har for særskild tilrettelegging dersom søkeren blir tatt inn til det særskilde utdanningsprogrammet, samanlikna med kva behov søkeren har for særskild tilrettelegging på andre utdanningsprogram.

Kommunen skal ikkje seinare enn 1. oktober det året eleven er i ferd med å fullføre grunnskolen, melde eleven til fylkeskommunen for å få ei sakkunnig vurdering etter andre ledd. Meldinga føreset samtykke frå eleven det gjeld. I meldinga skal det siste vedtaket om individuelt tilrettelagd opplæring med sakkunnig vurdering frå grunnskolen ligge ved. Kommunen skal dessutan gjere greie for

- vanskane som ligg til grunn for vedtaket om individuelt tilrettelagd opplæring
- tiltaka som er sette inn i grunnskolen
- kva vanskane vil seie for vidaregåande opplæring, og kvifor kommunen meiner at søkeren oppfyller vilkåra for inntak til eit særskilt utdanningsprogram.

§ 4-21 første avsnitt

- Kven har rett?
 - *Søkjarar som har omfattande behov for individuell tilrettelegging ... i grunnskolen, har fortrinnsrett ved inntaket til vidaregåande trinn 1 når vilkåra her er oppfylte. (særleg utdanningsprogram)*
 - *Søkjarar som sannsynlegvis kan fullføre tre utdanningsprogram, har ikke fortrinnsrett etter denne paragrafen.*
- Udir sine merknadar presiserer:
 - det er vanskane søkeren har, og betydninga de har for hens særlege behov for tilrettelegging, som er utslagsgjenvende. Ikke diagnosen sjølv.
 - «omfattande behov» - må vurderast skjønnsmessig og konkret, men søkeren må ha vanskar som krev stor tilrettelegging. **obs.: høg terskel!**
 - Som utgangspunkt for vurderinga må det sjåast på kva individuelt tilrettelagd opplæring søkeren har hatt i grunnskulen; innhald, organisering, omfang og behov for særskilt kompetanse hos personalet.
 - føresegna er meint å ta vare på omsynet til søkerarar som ikke elles blir tilstrekkeleg tatt vare på av retten til eitt av tre valde utdanningsprogram i det ordinære inntaket.

§ 4-21 første avsnitt (forts.)

- Kva krevjast for å kunne ha fortrinnsrett til eit særleg utdanningsprogram?
 - Søkjarar må kunne godtgjere at vanskane som ligg til grunn for behovet for individuell tilrettelegging gjer at valet av utdanningsprogram har svært mykje å seie for moglegheita deira til å fullføre vidaregåande opplæring.
 - «svært mykje» - **obs.: høg terskell!**
- Udir sine merknadar presiserer:
 - det må godtgjera at vanskane til søkeren gjer at val av utdanningsprogram må ha svært mykje å seie for søkeren sine moglegheiter til å fullføre med studie- eller yrkeskompetanse.
 - søkeren sine **faktiske moglegheiter** for å meistre eitt eller fleire utdanningsprogram **skal ikke trekkjast inn.**
 - Om søkeren skal fullføre med kompetanse som er mindre enn full studie- eller yrkeskompetanse, er ei vurdering som eventuelt skal tas etter inntak.

§ 4-21 andre avsnitt

- Krav om sakkunnig vurdering frå fylkeskommunal PPT
 - *den skal gjere greie for dei vanskane som ligg til grunn for vedtaket om individuell tilrettelegging frå grunnskulen, og dei tiltaka som blei sette inn der.*
 - *PPT skal også ta stilling til om søkeren har eit særleg behov for å bli tatt inn til eit særskilt utdanningsprogram, som ikkje kan sikrast ved at søkeren blir tatt inn til eitt av tre utdanningsprogram.*
- Udir sine merknadar presiserer:
 - Den sakkunnige vurderinga er tredelt. Den skal innehalde (i) ei skildring av søkerens situasjon frå grunnskulen, (ii) ein utredning og (iii) ein tilråding.

§ 4-21 andre avsnitt (forts.)

- Etter avsnittets bokstav a til b stillast det følgjande **minimumskrav** til kva den **sakkunnige vurderinga** frå fylkeskommunal PPT **skal** vurdere:
 - a. om det er **sannsynleg** at søkeren har **større moglegheit til å fullføre vidaregående opplæring dersom** søkeren **blir tatt inn til eit særskilt utdanningsprogram**
 - b. **om og eventuelt kva grad** søkeren har **føresetnader og moglegheit for å fullføre andre utdanningsprogram** enn det søkeren **har ført opp som førstevalget sitt**
 - c. **kva behov søkeren har for særskild tilrettelegging dersom** søkeren **blir tatt inn til det særskilde utdanningsprogrammet, samanlikna med** kva behov søkeren har for særskild **tilrettelegging på andre utdanningsprogram**
- Udir sine merknadar presiserer:
 - Når PPT skal ta stilling til bokstav a, bør det i vurderinga bli tatt høgde for at søkeren skal ha individuelt tilrettelagt opplæring.
 - Dersom PP-tenesta under bokstav c kjem til at søkeren vil ha mindre behov for særskilt tilrettelegging innanfor eit utdanningsprogram, vil det tale for at søkeren har fortrinnsrett etter føresegna.

§ 4-21 tredje avsnitt

- Korleis gå fram?
 - Kommunen skal **seinast 1. oktober** det året ein elev er i ferd med å fullføre grunnskulen, melde eleven til fylkeskommunen for å få ei sakkunnig vurdering ...
 - *meldinga **føreset** samtykke frå elev*
 - I meldinga **skal** det **siste vedtaket om individuelt tilrettelagd opplæring med sakkunnig vurdering frå grunnskulen** ligge ved.
 - Etter avsnittets bokstav a til b **skal kommunen** i tillegg gjere greie for:
 - a. *vanskane som ligg til grunn for vedtaket om individuelt tilrettelagt opplæring.*
 - b. *tiltaka som er sette inn i grunnskulen*
 - c. *kva vanskane vil seie for vidaregåande opplæring, og kvifor kommunen meiner at søker oppfyller vilkåra for inntak til eit særskilt utdanningsprogram.*
- Udir sine merknadar presiserer:
 - avsnittet skal sikre at den fylkeskommunale PP-tenesta får naudsynte opplysningar om søkeren frå kommunen.
 - døme på tiltak som eleven har hatt under bokstav b, kan vere organisatoriske tiltak, bruk av alternativ opplæringsarena, avvik frå kompetansemål og særlege hjelpe midlar
 - i vurderinga etter bokstav c vil det blant anna vere relevant korleis kommunane vurderer om det er utdanningsprogram som søkeren ikkje vil klare å fullføre, ...
 - fristen 1. oktober skal gi fylkeskommunen moglegheit til å ha sakkunnig vurdering klar til 1. februar.

Opplæringsforskrifta § 4-22 (tidlegare § 6-17)

§ 4-22. Fortrinnssrett til ein skole som er særskilt tilrettelagd ved inntak til vidaregåande trinn 1

Søkjarar som har rett til individuell tilrettelegging etter opplæringslova kapittel 11, og som på grunn av sterkt nedsett funksjonsevne har eit særleg behov for å komme inn på ein skole som er særskilt tilrettelagd, kan søke om fortrinnssrett ved inntaket til vidaregåande trinn 1.

Søkjarane har ikkje rett til inntak til ein viss skole. Fylkeskommunen vurderer på individuelt grunnlag om det ligg føre tungtvegande grunnar som taler for at søkeren bør takast inn til ein viss skole.

Kommunen skal ikkje seinare enn 1. oktober kvart år melde frå til fylkeskommunen om elevar med sterkt nedsett funksjonsevne som er i ferd med å fullføre grunnskolen det aktuelle skoleåret. Slik melding frå kommunen føreset samtykke frå dei elevane det gjeld.

§ 4-22 første avsnitt

- Kven har rett?
 - Søkjarar som har rett til individuell tilrettelegging ..., **og** som på grunn av sterkt nedsett funksjonsevne har eit særleg behov for å komme inn på ein skule som er særskilt tilrettelagd, kan søke om fortrinnsrett...
 - Udir sine merknadar
 - må ha vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring
 - må også ha «sterkt nedsett funksjonsevne» - **obs.: høg terskel**
 - må vere samanheng mellom den sterkt nedsette funksjonsevna og behovet for inntak til særskilt tilrettelagt skule
 - det må ligg føre dokumentasjon som underbyggjer det særlege behovet til søkeren (sakkunnig vurdering, utredning frå helsesektor etc.)
 - Søkjarar som har eit særskilt behov for eit særskilt utdanningsprogram, skal ikkje tas inn etter denne paragrafen, men vurderast etter § 4-21.
 - Fylkeskommunen kan ikkje plassere søkeren på eit anna utdanningsprogram enn de tre valgte.

§ 4-22 andre avsnitt

- Kva har dei rett på?
 - Ikkje rett til inntak til ein viss skole.
 - *Fylkeskommunen vurderer på individuelt grunnlag om det ligg føre tungtvegande grunnar som taler for at søkeren bør takast inn til ein viss skole.*
 - «Individuelt grunnlag» - konkret og heilsakapleg vurdering til den enkelte elev
 - «tungtvegande grunnar» - **obs.: høg terskel!**
 - Udir sine merknadar
 - fylkeskommunen kan vurdere konkret om ligg føre tungtvegande grunnar som taler for inntak til ein bestemt skole

§ 4-22 tredje avsnitt

- Korleis gå fram?
 - Kommunen **skal** seinast 1. oktober, melde inn elev med sterkt nedsett funksjonsevne til fylkeskommunen, kvart skuleår eleven er i ferd med å fullføre grunnskulen.
 - *Slik melding føreset* samtykke frå eleven.
 - Udir sine merknadar:
 - fristen 1. oktober for kommunen skal sikre at fylkeskommunen får tilstrekkeleg tid til å vurdere kva skoler som kan ta imot søkjrar etter føresegna.

Takk

Kjelder:

- Forskrift om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringsforskrift), 2024.
- Utdanningsdirektoratet. (2024, 1. august). Opplæringsforskrifta.
[Forskrift om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa \(opplæringsforskrifta\) | udir.no](https://www.udir.no/forskrift/om-grunnskoleopplæringa-og-den-vidaregåande-opplæringa-opplæringsforskrifta)